



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

K O P I

Hydro kraftproduksjon
Kilen
4244 NESFLATEN

Region Vest
Naustdalsvegen 1 B

Postboks 53
6801 FØRDE

Telefon: 57 83 36 50
Telefaks: 57 83 36 51
E-post: rv@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: 22 APR. 2008
Vår ref.: NVE 200702197-11 rv/ias
Arkiv: 317 /036.J
Dykkar dato: 07.04.2008
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Randi Holme
57 83 36 71

Røldal - Suldal kraftanlegg - Valldalsdammen - Tilkomst og tryggleik i Valldalsmagasinet

NVE mottok 07.04.2008 brev frå Olav Rabbe med ein del merknader knytt til tryggleik og tilkomst i Valldalsmagasinet.

Båtopptrekk i Åsen

I brevet frå Rabbe vert det hevda at Hydro har konsesjonsvedtak på å bygge opptrekk for båt i Åsen. Det eksisterande opptrekket kan ikkje nyttast lenger og skinne gangen er no fjerna av Hydro.

Vegar

I følgje Rabbe har Hydro lova grunneigarane å setje i stand vegen ned til LRV som er det gamle Valldalsvatnet. Vidare vert det peika på at den gamle gardsvegen ned i magasinet i Finnemolia er sterkt skadd, og at grunneigarane har bede Hydro om å utbetre vegen.

Tryggleik


I brevet frå Rabbe vert det peika på at der er dårlege skjeringar ved Valldalsdammen og at dette er årsak til stadige steinsprang og utrasing av is/stein om vinteren. Grunneigarane meiner at tryggleiken ved kryssing av elvane Holdølo, Storelva og Kvesso når magasinet er nedtappa er også dårleg. I tillegg har grunneigarane føreslege at den gamle stølsvegen mellom Venamo og Ullsheller vert utbetra slik at isen legg seg flatt ved nedtappa magasin.

NVE bed om å få ei tilbakemelding frå Hydro kraftproduksjon om merknadene frå grunneigarane der det vert gjort klart kva vilkår som følgjer av den gjeldande konsesjonen for kraftanlegget og eventuelle pålegg frå NVE, og kva tiltak som er avtalt direkte mellom grunneigarane og konsesjonæren/eventuelt er fastlagt i skjønn.



Med helsing


Ivar Sægrøy
fung.regionsjef


Randi Holme
overingeniør

Kopi: Olav Rabbe, 4200 Sauda